



Helland Utleie AS  
Idrettsvegen 3  
5936 MANGER

Deres ref.:

Vår ref.:  
20/11500 - 4 / RAKJME

Vedtaksdato:  
26.08.2020 857/20

## **Oppretting av nye grunneigedomar utan fullført oppmålingsforretning GBNR 477/79 Solheim vestre**

**Administrativt vedtak. Saknr: 857/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i matrikkellova §6 andre ledd vert det gjeve løyve til oppretting av 2 matrikkeleiningar, tomt 5 og 6 frå gbnr 477/79, utan fullførte oppmålingsforretningar.**

**Frist for fullføring av forretningane vert sett til 26.08.2022.**

**Grunngjeving for vedtaket er at søknaden stettar krava i matrikkelforskrifta §25 til særleg grunn for oppretting utan fullført oppmålingsforretning.**

### **Saksutgreiing**

Saka gjeld søknad om oppretting av 2 nye grunneigedomar, tomt 5 og 6, på gbnr 477/79-Hylla utan fullført oppmålingsforretning. Det er grensemerking ein ønskjer utsett pga. pågåande anleggsarbeid.

### **Vurdering:**

Det er gjeve løyve til oppretting av 3 nye grunneigedomar i sak 587/20 den 10.06.2020. Oppmålingsforretning vart halde den 16.07.2020. No søker grunneigar om løyve til oppretting av 2 av desse utan at grensemerking vert gjort no. Dette grunna at pågåande anleggsarbeid som vil føra til at grensemerka vil verta øydelagde. Tomtane er regulerte i reguleringsplan Hylla bustadområde-Austmarka med plan-id 12602018000500. Grensene som skal førast inn i matrikkelen er soleis tilstrekkeleg og nøyaktig opplyst.

Rådmannen har vurdert søknaden opp mot §6 i matrikkellova og vilkåra sett i §25 i

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

matrikkelforskrifta. Etter rådmannen si vurdering stettar søknaden vilkåra. Søknaden er grunngeven, området skal opparbeidast med det første og området er regulert. Det vil derfor etter rådmannen si meining vera bortkasta å merka grensene på noverande tidspunkt. Grensemerka kjem opplagt til å forsvinna og det vil føra med seg nye gebyr dersom rekvirenten eller framtidige kjøparar rekvirerer grensepåvising når området er opparbeidd.

Det er ikkje lagt ved kart med søknaden. Dette vert vurdert til å ikkje vere av vesentleg betydning for avgjerda då oppmålingsingeniør har kartgrunnlag som viser oversikt over grensene. Det er også halde oppmålingsforretning i marka der partane var innkalla for å ta stilling til eksisterande og mellombelse grenser.

### **Regelverk**

I følgje §6 i matrikkellova kan kommunen etter søknad frå den som har rekvirert forretninga føre ny matrikkeleining inn i matrikkelen utan at oppmålingsforretninga er fullført. Vilåret er at det skal føreligga særleg grunn for dette. §25 i matrikkelforskrifta reknar opp tilfelle der det er formålstenleg at grensene først vert endeleg merka etter at området er opparbeidd med vegar eller anna infrastruktur. I tillegg skal grensene vera fastsett i vedteken reguleringsplan.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med venleg helsing

Kjartan Medaas  
Ingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### **Mottakere:**

Helland Utleie AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER